

Alle søkjarane

Dato: 15.06.2017
Vår ref.: 2014/1230-192
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.:

Svar på søknad om tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - 1. mai 2017

Det vert vist til dykkar søknad om tilskot til lokale trafikksikringsarrangement. Det vart i alt motteke 11 søknader innan fristen 1. mai 2017.

Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) har i møte 7. juni 2017 handsama søknadane og gjorde slikt vedtak:

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) fordeler tilskotsordning av 1. mai 2017 til lokale trafikksikringsarrangement slik;

Søklar	Søknadssum	Tilskot
Ettertankens dag Hordaland	35 000	35 000
FAU Hatlestrand skule	30 000	15 000
FAU Sunde barnehage	6 000	6 000
FAU Undarheim skule	21 000	10 000
Kløvheim bygdslag	20 000	15 000
Kvernbit IL	12 000	10 000
Kvinnherad kom., folkehelsekoor.	30 000	30 000
Kvinnherad kom., helsestasjonane	18 750	18 750
Kvinnherad kom., Undarheim skule	30 000	15 000
TSU Nordhordland	100 000	50 000

Naturvernforbundet i Hordaland søkte om 150.000 kr, men har ikkje fått tildelt tilskot.

Møteprotokoll og saksdokumentet for saka (sak 23/2017) finn de her:
<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=677>

Det er ein føresetnad at det kjem fram at Hordaland fylkeskommune stør opp om tiltaket. Om det skal nyttast logo, så finn de denne her: <http://www.hordaland.no/nn-NO/om-oss/grafisk-profil/#theme>

FTU viser til at tilskot vert gjeve under føresetnad av at Hordaland fylkeskommune sin revisor kan gjennomføre kontroll med at tilskotet vert forvalta slik det går fram av søknaden og vedtaket.

Søklarar som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport på eige skjema for bruk av tilskotet, samt eit rekneskap. Dette skal gjerast så snart arrangementet er avslutta, men seinast innan 2 månader etter arrangementet er avslutta. Dersom rapport ikkje er levert innan fristen er det grunnlag for at evt. søknad ved seinare høve ikkje vert handsama.

Utbetaling av tilskotet skjer når rapporteringsskjema med rekneskap er sendt inn. Rapporteringsskjema finn de på Hordaland fylkeskommune si nettside: <http://www.hordaland.no/nn-NO/vegogtransport/trafikksikring2/tilskot-til-lokale-trafikksikringstiltak/>

John Martin Jacobsen
leiar

Lise Fauskanger Ådlandsvik
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.